



Aure kommune
Postboks 33
6689 AURE

Aure kommune. Kommuneplanens arealdel 2014 – 2026. Samordna fråsegn - statlege motsegner ved offentleg ettersyn.

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 29.01.2016, der kommuneplanen sin arealdel 2014-2026 vart lagt ut til offentleg ettersyn, etter vedtak i kommunestyret 14.01.2016 (sak 1/16).

Fylkesmannen viser vidare til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 1. april 2015. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremjar motsegn på vegne av Statens vegvesen. Vidare har også Fylkesmannen motsegn til planen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjar vi motsegn til planen på følgjande punkt:

Statens vegvesen:

- Vågsand – innspel 11: rekkefølgekrav om sikker forbindelse til Aure sentrum for mjuke trafikkantar
- Kjelklia – innspel 52: krav om områdeplan
- Ertvågøya – innspel 75: trafikktryggleik og framkomelegheit
- Veian – innspel 81: arealbruk i konflikt med fylkesvegens interesser
- Rottøya – innspel 98: trafikktryggleik og framkomelegheit

Heile fråsegna til Statens vegvesen ligg som vedlegg.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

- Konsekvensutgreiinga er på fleire punkt mangelfull og ikkje tilfredstillande i forhold til kravet i plan- og bygningslova § 4-2.
- Planføresegnene har fleire manglar og tilfredsstillar derfor ikkje krava i plan- og bygningslova, kfr. §§ 11-6 og 11-7. Det er naudsynt med ein gjennomgang/opprydding før desse kan bli juridisk bindande.
- Fylkesmannen har motsegn til følgjande områder i planen (nr. refererer til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga): 3, 4, 8, 9, 17, 18, 24, 26, 29, 33, 38, 51, 71, 76, 77, 80, 82, 84 (delar), 85, 87, 97, 98, 102 (delar).

Fylkesmannen sine merknader til planframlegget, med faglege råd og nærare grunngeving av motsegnene:

GENERELT

Fylkesmannen er nøgd med at Aure kommune no legg fram forslag til ny arealdel til kommuneplanen. Gjeldande arealdel er frå 2008. Ein revidert arealdel vil bli eit oppdatert styringsverktøy som vil sikre meir rasjonell saksbehandling, og gi rammer for ei tydeleg og føreseieleg arealforvaltning som tar opp i seg mål og utfordringar frå samfunnsdelen.

MERKNADER TIL PLANOMTALEN

Planomtalen skal etter pbl § 4-2 skildre føremålet med planen, hovudinnhaldet og verknader, samt planen sitt forhold til rammer og retningslinjer. I innhald manglar planomtalen ein del på å presentere planen i samsvar med dette.

Når det gjeld overordna føringar viser planomtalen kun til *nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2015) og til *regional planstrategi* (2012-2016). Planstrategien frå 2013 viser i tillegg til fleire ulike regionale planar. Viktige nasjonale retningslinjer er ikkje nemnt:

- *Rikspolitisk retningslinjer for barn og planlegging*
- *Rikspolitisk retningslinje for verna vassdrag*
- *Statlig planretningslinje for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*
- *Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene*

Forholdet til *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen* er omtalt under kapittelet Strandsone.

Vi vil også minne om to viktige regionale delplanar som legg føringar for arealbruk og klima/energi. Desse er heller ikkje nemnt i planutkastet:

Regional delplan for klima og energi 2015-2020:

Klimagassutsleppa frå transportsektoren skal reduserast med 10 prosent.

Regional delplan for attraktive byar og tettstader 2014-2020 har som ein av hovudstrategiane *samordna bustad-, areal- og transportplanlegging:*

Dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging skal leggest til grunn for arealplanlegging og utbyggingsmønster i fylket.

Kommunane skal legge eit heilskapleg og langsiktig perspektiv til grunn for lokalisering av nye og utvikling av eksisterande utbyggingsområde. Nye bustadfelt, utbyggingsareal og større etableringar bør lokaliserast slik at dei bygger opp under eksisterande busetnad, infrastruktur, handel og tenestetilbod og kan betenast med kollektivtransport, sykkel og gange.

Med utgangspunktet i planomtalen og konsekvensutgreiinga er det vanskeleg å sjå i kva grad dei nasjonale og regionale føringane er tatt omsyn til og gitt retning for utarbeiding av arealdelen. Vi saknar særleg viktige tema som t.d. barn- og unges interesser og energi og klima i plandokumentet. Den skriftlege delen av planen, som skal synleggjere grunnlaget for dei vala ein har gjort og vise konsekvensane av planframlegget er derfor mangelfull. Dette vil vi kome nærare inn på nedanfor.

Evaluering av gjeldande plan

Planprogrammet (2.3) peikar på at det som ei innleiing til planprosessen skal gjennomførast ei evaluering av erfaringane med gjeldande plan som overordna styringsverktøy for areal- og

byggesaksforvaltninga. Ei slik evaluering burde i utgangspunktet ha danna grunnlag for sjølve planprogrammet, men etter det vi kan sjå er det heller ikkje gjort i det vidare planarbeidet. Ei slik evaluering ville klart vore nyttig. I vår høyringsfråsegn til planprogram/oppstart av planarbeidet peika vi særleg på uheldige verknader av avgrensing av utbyggingsområder nær sjøen. Våre erfaringar, etter at planen vart vedtatt, er at ein gjennom detaljreguleringar har utfordra desse byggeområda/ avgrensingane ved å tillate bygging nærare sjøen enn kommuneplanen i utgangspunktet opna opp for. Vidare er dispensasjonspraksisen svært høg i Aure kommune. Etter vårt syn kan dette over tid ha svekka kommuneplanen som styringsverktøy. Det er viktig å vere klar over at kommuneplanens arealdel er eit juridisk dokument som blir utarbeidd gjennom ein omfattande planprosess og derfor ikkje skal vere kurant å fråvike.

Arealrekneskap

I kommuneplanen skal det vere eit arealrekneskap som avklarar arealbehov og arealreservar til mellom anna bustader, fritidsbygg og næringsareal, og det skal utarbeidast mål for utbyggingsmønsteret og utbyggingsvolumet. Det bør vere godt samsvar mellom etterspurnad etter og tilbod på utbyggingsområde. I planomtalen side 10 og 11 er det gitt ein omtale og noko statistikk når det gjeld arealreservar og arealbehov i planperioden. Under samla verknader i konsekvensutgreiinga er det vidare gitt oversikt over kor mange dekar nye bustad- og hytteområde som er tatt inn i planforslaget. Kor mange dekar som er vidareført av uregulerte område frå gjeldande kommuneplan er ikkje vist. For å få ei god oversikt vil vi rå til at arealrekneskapet blir sett opp i ei matrise der det går tydeleg fram kva ein har av regulerte og uregulerte arealreservar som skal vidareførast frå gjeldande plan, i tillegg til nye areal som den reviderte planen legg opp til. Dette bør gjerast for alle typar utbyggingsområder, ikkje berre bustad- og hytteområder

Bustadbygging

Det går fram av planomtalen at dei sidan 2006 er bygt i gjennomsnitt 6 bustader/år i Aure kommune. Det er i dag 260 regulerte einebustadtomter som står ubygt. Uregulerte område i gjeldande kommuneplan skal vidareførast, men det er ikkje oppgitt kor mange tomter/dekar dette dreier seg om. Vidare viser konsekvensutgreiinga at det er tatt inn totalt 227 dekar til framtidig bustadbygging. Samla sett synest arealreserven for ny bustadbygging i planframlegget vere svært god i forhold til forventa behov.

I planomtalen blir det vist til at behovet for omsorgstenester vil auke mykje, da aldersstatistikken (s. 8) viser ei klar auke i gruppa over 67 år i planperioden. Planen seier ikkje noko om utbygging av helse- og omsorgstenester. Vi vil også peike på at røynslene frå andre kommunar er at det i større grad er etterspurnad etter mindre bustader/leilegheiter for folk i aldersgruppa 50+, samt leilegheiter, med ulik grad av tilpassing, for eldre som framleis kan klare seg sjølv. Det er vel naturleg at slike bueingar i hovudsak blir lagt til sentrum. Vi registrerer at sentrumsprosjektet går som eigen prosess. Dette bør vere eit tema her. Likevel saknar vi ein nærare omtale/vurdering av behovet for denne type bygg også i kommuneplanen.

Fritidsbustader

Kommuneplanens samfunnsdel (2008) har som mål «å øke fritidsbebyggelsen fra dagens 1200 enheter, til opp mot det dobbelte i planperioden». I 2015 er det registrert 1363 fritidsbustader. Dvs. det er bygt ca. 23 hytter pr. år sidan 2008.

Det er 700 ferdigregulerte tomter i kommunen i dag. Det ligg også inne ein stor planreserve i uregulerte område i gjeldande plan som skal vidareførast, men det er ikkje oppgitt kor mange tomter/dekar dette dreier seg om. Vidare legg planframlegget opp til 17 nye område på totalt 679 dekar til framtidige hytteområder. Fylkesmannen er nøgd med at uregulerte områder som ikkje lengre er av interesse er tatt ut av planen.

Fylkesmannen er positiv til at kommunen ønskjer å satse på fritidsbustader som næring. Vi registrerer likevel at sjølv om ein får ei framtidig utbyggingstakt vesentleg større enn dei siste åra, legg ein opp til ein planreserve for hytter som synest klart større enn målet i samfunnsdelen/det reelle behovet.

Når planreserven for både bustad- og fritidsbygg synest å ha ei god overdekning i forhold til det sannsynlege behovet, bør det vere rom for å ta ut føreslåtte område som har klare konflikstar med andre interesser. Vi kjem tilbake til dette under dei enkelte fagmerknadene.

MERKNADER TIL KONSEKVENSGREIINGA

I Fylkesmannens fråsegn til planprogrammet (23.07.2013) viste vi til Rettleiar T-1493 *Konsekvensutredningar - kommuneplanens arealdel* som gir detaljerte føringar for arbeidet med konsekvensutgreiingar i kommuneplanen. Vi peika også på at manglar i konsekvensutgreiinga aukar risikoen for motsegn frå ulike sektoretatar til enkeltområda. Vi registrerer at *Planprogrammet* (2013) er lite utfyllande når det gjeld metode for konsekvensutgreiing og kva kjelder for kunnskap som skal nyttast og eventuelt behovet for vidare utgreiingar.

Konsekvensutgreiinga (KU) er delt i to dokument, der det er skilt mellom KU for område som er tatt inn i planen og KU for område som er avslått. Dette er oversiktleg. Det førstnemnte KU-dokumentet viser areala slik dei er kome som innspel til planen. Gjennom vurderingane har kommunen for ein del av områda justert kva som til slutt er tatt inn i plankartet. Delområde som i denne prosessen er gått ut bør også synast på karta i konsekvensutgreiinga (t.d. med ein skravur) slik at det også her er lett å sjå kva som inngår/ikkje inngår i planforslaget. Eit 70-tals nye/endra utbyggingsområder er tatt inn i planutkastet. Dei enkelte områda er i konsekvensutgreiinga nummerert etter fortløpande registrering av innspel. I høyringsfasen burde også plankartet hatt desse nummera påteikna, slik at det ville ha vore lettare å finne dei att på kartet.

Planprogrammet viser forslag til seks utgreiingstema, med ei rekkje undertema. KU av enkeltområda er sett opp i ei matrise som dekkjer desse hovudtema, men undertema er ikkje vist. Det er for kvart område gjeve ei kortfatta skildring av arealet og planlagt arealbruk. Sjølve utgreiinga av nye utbyggingsområder gir ei svært kortfatta oversikt over kva verknader dei ulike utbyggingsforslaga har på miljø og samfunn. Korte vurderingar om registreringar og verdjar kan i enkelte tilfelle vere tilstrekkeleg for mindre forslag til arealbruk. Generelt synest likevel vurderingane vere lite utfyllande/mangelfulle og i mange tilfelle er det vanskeleg å sjå kva som er grunnlaget for dei val som er gjort.

I følgje innleiinga skal vurderinga av hovudtema byggje på ei rekkje (til dels svært) forskjellige undertema. T.d. er det under tema *samfunn* m.a. vist både drikkevasskjelder, folkehelse og barn og unges interesser. Når ein kjem til forklaring og samla vurdering ser ein lite igjen til vurdering av undertema og det blir vanskeleg å sjå kva for moment som er lagt til grunn for konsekvensvurderinga.

Bustadbygging er eit fokusområde i planprogrammet med «strategi for areal til

bustadformål sentrum – grender». Det er ikkje definert på kva som meinast med *grend* i forhold til *sentrum*, og ut frå planforslaget er det vanskeleg å sjå kva for kriterier som er lagt til grunn for lokalisering av nye bustadområde. Vi vil minne om at for vidare arealutvikling forventar nasjonale myndigheiter ei prioritering av miljøvenlege løysingar, særleg innan samferdsel og infrastruktur. I KU er verknader for barn og unge knapt nemnt. Ved t.d. utlegging av nye bustadområde vil m.a. omtale av avstand til skule og barnehage, og opplysningar om eventuell gang- og sykkelveg i området vere sentralt. Avstand til andre sentrale funksjonar som butikk, legetenester, idrettsanlegg, busstopp m.m. burde naturleg vore med i konsekvensvurderinga, t.d. under tema *transport* eller *klima og energi*. Sistnemnte tema manglar også heilt i konsekvensutgreiinga.

Generelt manglar konsekvensutgreiinga også vurdering av eventuelle alternative lokaliseringar av nye utbyggingsområde. Vidare bør eventuelle avbøtande tiltak synleggjerast tydeleg og vere konkrete og forpliktande.

I vurderinga av samla verknader er det vist ei matrise med oversikt over arealbruk (i dekar) for dei enkelte utbyggingsområda. Opplysningar om storleiken på areala burde også vore gitt i konsekvensutgreiinga under dei enkelte områda, gjerne med ei stipulering av kor mange nye bustad-/fritidsbustader ein ser for seg i desse områda.

Når det gjeld naust- og småbåthamner seier planprogrammet at: «*Tiltak som naust og flytebrygger skal søkes samlokalisert i størst mulig grad*». Vidare trekk planprogrammet opp fokusområdet: «*Småbåthavner-hver innbygger sin småbåthavn eller rasjonell planlegging av felles anlegg?*». Planforslaget legg opp til m.a. 13 nye småbåthamner. I vurderinga av samla verknader er det vist til at det er lagt vekt på å lokalisere småbåthamnene i områder med stor tettleik av bustader eller fritidsbusetnad, eller i dei områda av kommunen kor det manglar småbåthamn. Vi registrerer likevel at fleire av småbåthamnene er lokalisert slik at vi vanskeleg kan sjå at dei er i samsvar med desse føringane.

For enkeltområde sett av til forretning saknar vi ei vurdering i forhold til *regional delplan for attraktive byar og tettstader (2014-2020 og rikspolitisk bestemmelse om kjøpesenter*.

Naturmangfaldlova

For planar som er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar, må krava i naturmangfaldlova for artar, naturtypar og økosystem, alternativ lokalisering, samla belastning mv. sjåast på som ei tydeliggjering og konkretisering av krava i forskrifta. Konsekvensutgreiinga skal gje eit tilfredsstillande grunnlag for å vurdere og vektlegge føresegnene i naturmangfaldlova §§ 8 til 12, jf. naturmangfaldlova § 7. Fylkesmannen kan ikkje sjå at forholdet til naturmangfaldlova er omtalt, korkje i planomtalen eller i konsekvensutgreiinga. Fleire av områda i planforslaget er i konflikt med naturfaglege registreringar av ulik verdi. I slike tilfelle er det ikkje nok å berre vise til registreringane, men konsekvensane ved ei eventuell utbygging skal synleggjerast, og avbøtande tiltak og eventuelle alternative lokaliseringar skal omtalast.

Støy

Planføresegnene § 1.8 sikrar at alle planar skal utgreiast forhold til retningsliner for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1442/12). Vi vil også rå til at kommunen synleggjer støysonekart med raud og gul sone på plankartet eller som eige temakart. Dette

gjeld i hovudsak støysoner langs veg, men også der det eventuelt tidlegare er utarbeidd støysonkart rundt skytebanar, massetak eller andre støyande verksemder.

Samfunnstryggleik

Kommunen har gjennomført ROS-analysen som ein del av konsekvensutgreiinga. Ei slik tilnærming gjer at risiko og sårbarheit blir vurdert sjølvstendig for kvart enkelt innspel, og gjev eit dårleg bilete på kommunen sin arealbruk som heilskap. På kommuneplannivå er det kommunen sitt totale areal som er analyseobjektet, og hendingar/potensielle farar knytast til arealet og bruken av dette. Målet er å vurdere om uønska hendingar kan ha verknad på eksisterande og framtidig arealbruk. Til dømes er det aktuelt å vurdere om allereie regulerte områder er utsett for verksemds-/naturrisiko, eller bør vurderast på nytt på grunn av klimaendringar. Tilnæringsmåten der risiko og sårbarheit berre blir vurdert opp mot mogleg utbyggingsareal, ekskluderer moglegheita til å vurdere eksisterande arealbruk i kommunen. Fylkesmannen meiner òg at ein slik tilnæringsmåte til ROS-analyse på kommuneplannivå, har avgrensa meirverdi for kommunen.

Kommunen har vurdert følgjande tema i ROS-analysen; flaumfare, skredfare, stormflo, meteorologiske element og menneskeskapt risiko. I tillegg blir lausmassar vurdert under temaet naturressursar. Med tanke på mogleg ustabil grunn, hadde det òg vore aktuelt å vurdert dette som ein del av ROS-analysen. Det same ser vi er tilfellet for viktige samfunnsfunksjonar, som blir vurdert under temaet samfunn. Viktige samfunnsfunksjonar er òg aktuelt å vurdere som ein del av ROS-analysen. Til dømes om kommunen har områder eller tenester som er sårbare ved uønska hendingar.

Vi ser at tre av tema er konkrete (flaum, skred og stormflo), medan dei to siste er meir overordna (meteorologiske element og menneskeskapt risiko). Det er vanskeleg å vurdere om valde tema i ROS-analysen er dekkande for problemstillingar i kommunen. Det står ingenting om kvifor nett desse er valde, eller kva dei i realiteten omfattar. Til dømes veit vi ikkje om meteorologiske forhold inkluderer vurdering av hendingar som sterk vind (storm/orkan), ekstrem nedbør og/eller overvatn. Vi veit heller ikkje om menneskeskapt risiko inkluderer ei vurdering av tilkomst/tilgang for naudutrykking, tilstrekkeleg sløkkevatn, kjente ulukkespunkt eller sårbare objekt i kommunen. Dette er alle hendingar/element som bør vurderast i ein ROS-analyse på kommuneplannivå, slik at kommunen har moglegheit til å ta omsyn til dette i planlegginga av framtidig arealbruk.

Fleire av dei føreslegne areala ligg ved sjøen, og for nokre av desse er stormflo skildra som ein potensiell risiko som må takast høgde for. Det er ikkje skildra korleis dette skal gjerast. Når vi les planføresegnene er det spesifisert nokre typar bygg som ikkje skal ha lågare golvhøgde enn kote 3. Vi saknar ei skildring av korleis kommunen kom fram til denne høgda. Til dømes om høgdekravet tek omsyn til havnivåstiging og bølgepåverknad. I den same føresegna står det òg at bygg der konsekvensen av stormflo er liten, kan ha lågare golvhøgde. Vi meiner kommunen òg bør nytte planen til å setje krav til tryggleik mot stormflo for denne type bygg (tiltak i tryggleiksklasse F1).

Vi ser det går høgspenline gjennom, eller tett ved, fleire føreslegne areal. ROS-analysen skildrar ikkje korleis det skal takast omsyn til magnetfelt frå desse. I planføresegnene er det satt krav om at trasé for høgspent luftline/jordkabel skal visast som omsynssone med byggjegrænse i reguleringsplanen, og at denne skal vere i samsvar med retningslinene til forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Vi vil oppmode kommunen til å nytte kommuneplanen til å sette klare krav til tryggleik mot elektromagnetisk stråling. Statens

strålevern har satt eit utgreiingskrav for bygg tilrettelagt for varig opphald på 0,4 mikrotlesla (μT), og gjev i brosjyren «*Bebyggelse nær høyspentanlegg – informasjon til kommuner og utbyggere*» dømer på magnetfeltsnivå ved høyspentliner. Fylkesmannen meiner kommunen skal sette som krav i planføresegnene at bygg tilrettelagt for varig opphald ikkje er tillat i områder der magnetfeltet overstig 0,4 μT . Vidare er vi positiv til at kommunen har spesifisert at leikeareal heller ikkje er tillat innafor byggjegransa mot høyspentanlegg.

Fleire føreslåtte areal ligg i område potensielt utsett for skred. ROS-analysen skildrar ikkje korleis dette skal takas omsyn til. Vi ser likevel at kommunen gjennom planføresegnene har forsøkt å ta omsyn til potensiell skredfare. Det er utarbeidd ei generell føresegn om ROS-analyse som mellom anna viser til NVE sitt skredatlas, og krev geoteknisk vurdering av planar innan aktsemdsområder. Fylkesmannen vil her vise til § 3-4 i plan- og bygningsloven, som mellom anna seier dette; «*Område med fare, risiko eller sårbarheit avmerkes i planen som omsynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6*». Vi meiner derfor at det ikkje er tilstrekkeleg å vise til NVE sitt skredkart. Kommunen må merke aktsemdssonene i eige plankart. Dersom kommune kartet får mange omsynssoner som gjer kartet vanskeleg å lese, kan vi godta juridisk bindande temakart. Inntil kommunen har merka aktsemdssonar for skred i eige kart som omsynssoner, med tilhøyrande føresegnar, har Fylkesmannen **motsegn**.

Kommunen skriv at ROS-analysen mellom anna inneheld vurdering av flaumfare. Vi kan ikkje sjå at dette visast igjen i verken ROS-analysen eller planføresegnene. Dette gjer at vi er usikre på korleis flaumfare frå elvar og bekkar i kommunen er vurdert. Klimaendringar gjer at vi kan vente meir og hyppigare nedbør med styrtregn. Dette får konsekvensar for flaumfaren, spesielt i små vassdrag og bekkar. NVE har ein rettleiar som skildrar korleis kommunen kan greie ut og markere areal med potensiell fare utanfor kjende aktsemdsområde og fareområde. I rettleiaren «Flaum- og skredfare i arealplanar» står det: «*Det vil i dei fleste tilfelle vere tilstrekkeleg å sette av soner på minimum 20 meter på kvar side av bekkar og 50-100 meter på kvar side av elvar for å dekke område med potensielle flaumare*». Fylkesmannen meiner kommunen skal nytte kommuneplanen til å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå bekkar og elvar. Dette kan til dømes gjerast ved å fastsette føresegnar om byggegrenser langs vassdrag. Kommunen må sørge for tilstrekkeleg tryggleik mot flaum frå vassdrag, inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

NGU sitt lausmassekart viser fleire områder i Aure kommune med marine strandavsetningar. Marin strandavsetning under marin grense kan indikere ustabile grunnforhold som kvikkleire. Vi kan ikkje sjå at kommunen har vurdert risikoen for ustabil grunn, og spesielt risikoen for kvikkleire og kvikkleireskred. NVE har utarbeidd rettleiaren «Sikkerhet mot kvikkleireskred» som kan nyttast i eit slikt arbeid. Dersom kommunen avdekkar område med potensiell fare for kvikkleireskred, skal desse markerast som omsynssone med tilhøyrande føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Dersom det er vanskeleg å avgrense dei potensielt fareutsette områda, kan kommunen fastsette generelle føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot kvikkleireskred. Til dømes kan kommunen krevje geoteknisk utgreiing av kvikkleireskredfare ved utarbeiding av reguleringsplanar eller ved søknad om byggjeløyve i område under marin grense, og at det skal dokumenterast at utbygging vil gje tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i TEK10. Fylkesmannen har **motsegn** inntil det blir gjort ei vurdering av kvikkleirefaren, og det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til eventuelle avdekkareområder.

Tjeldbergodden industrianlegg er lokalisert i Aure kommune og er definert som ein storulukkesverksemd. Industriverksemdar som fell inn under storulukkesforskrifta representerer i utgangspunktet ein risiko som skal gjevast spesiell merksemd i arealplanlegginga. Dersom storulukkesverksemda krev arealmessige avgrensingar rundt verksemda, bør desse fastsettast som omsynssoner med tilhøyrande føresegnar. Fylkesmannen meiner at sjølv om det ikkje er planlagt nye utbyggingsareal ved, eller i nærleiken av, industrianlegget, er det naturleg at denne potensielle risikoen blir vurdert. Spesielt blir det viktig å få fram eventuelle arealmessige avgrensingar verksemda kan få for arealbruken i kommunen, jf. § 16 i forskrift om handtering av farleg stoff.

Fylkesmannen opplev ROS-analysen som mangelfull. Dette er hovudsakleg som konsekvens av korleis ROS-analysen er gjennomført. Framgangsmåten gjer det vanskeleg å få oversikt over kva som faktisk er vurdert/ikkje vurdert i analysen. Spesielt visast det ikkje igjen *korleis* risiko og sårbarheit er vurdert, både der uønska hendingar er avdekka, og der dei ikkje er avdekka. Det er dermed vanskeleg å vurdere om analysen tek tilstrekkeleg omsyn til risiko og sårbarheit, eller om aktuelle hendingar i det heile teke er vurdert. I somme tilfelle finn vi risiko- og sårbarheitsreducerande tiltak i planføresegnene. Vi meiner slike tiltak bør vurderast som ein del av ROS-analysen. Eventuelt bør tiltaka vurderast under delkapittelet ROS (risiko og sårbarheit), der kommunen konkluderer med at forslaget til ny arealplan ikkje medfører auka risiko og sårbarheit i kommunen.

Landbruk

Fylkesmannen er nøgd med at Aure kommune har teke nasjonale retningslinjer og oppgåva som den viktigaste jordvernmyndigheita på alvor. Dette synest ved at fleire innspel ikkje er teken inn eller justert i kommuneplana grunna konflikt med jordvernet, og at det er lagt inn buffersoner mellom fulldyrka mark og utbyggingsområde, sjølv om det ikkje er konkretisert og stadfesta i kartdelen. Dette er med å sikre framtida for landbruksnæringa i kommunen ved at dei har kjente rammer og moglegheit for utvikling. Samstundes er det viktig at kommunen også vidare for framtida er bevisst sitt arbeid med å nå det nye nasjonale målet om redusert omdisponering av dyrka jord, og auka matproduksjon og sjølvforsyningsgrad. Likevel finn vi nokre forbettringspunkt for kommuneplanen som kan gje landbruksnæringa enda betre vilkår. Dette gjeld kanskje særleg fritidsbustadar i landbruksområde og potensialet for interessekonfliktar og drifts- og miljømessige ulemper. Vi saknar også ei meir detaljert skildring av kunnskapsgrunnlaget gjennom påverknadar og moglege konsekvensar av dei ulike tiltaka i konsekvensutgreiinga, t.d. har både innspel nr. 51 (fritidsbustadar på innmarksbeite) og nr. 33 (campingplass på ca. 50 daa fulldyrka mark) fått lik vurdering i form av gul farge.

For utbyggingsområde som rører ved landbruksareal må tap av dyrka mark bli talfesta.

Oppsummering konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiinga er på fleire punkt mangelfull og ikkje tilfredstillande i forhold til kravet i plan- og bygningslova § 4-2. Fylkesmannen har derfor **motsegn** til KU.

- Vurderinga av nye utbyggingsområder er lite utfyllande. Det er ofte vanskeleg å sjå kva for moment som ligg til grunn for fastsetting av verdi og omfang av konsekvensane for kvart tema, og dermed bakgrunnen for dei val som er gjort.
- Naturmangfaldlova (NML) er ikkje omtalt, korkje i planomtalen eller i konsekvensutgreiinga. Det er derfor vanskeleg å sjå at krava i NML § 7 (jfr. §§ 8-12) er tatt omsyn til og innarbeidd i konsekvensutgreiinga.
- ROS-analysen er ikkje tilfredstillande på fleire punkt.

MERKNADER TIL FØRESEGNER

Føresegnene er oppsett på ein ryddig måte der det er vist til gjeldande paragrafar i plan- og bygningslova og det er skilt tydeleg mellom føresegner og retningsliner.

Kommuneplanens arealdel (plankart og føresegner) er rettsleg bindande både for offentlege myndigheiter, grunneigarar og andre aktørar, og skal leggest til grunn ved vidare planlegging og utbygging innan kommunen (§ 11-6). Det skal vere samsvar mellom føresegnene og arealbruksføremåla vist på plankartet. Kriterier som blir nytta i føresegner må ha eit konkret innhald. Dette gjeld spesielt forbods- og plankravføresegner, samt føresegner om omfang og lokalisering. Føresegnene må vise til forhold som kan kvantifiserast eller dokumenterast, slik at dei har eit eige faktisk og rettsleg innhald. Skjønnsmoment og vurderingstema har ikkje eit sjølvstendig rettsleg innhald og kan derfor ikkje inngå i forbods- eller plankravføresegner.

Med bakgrunn i dette har Fylkesmannen gått gjennom forslaget til planføresegner og finn at dei på fleire punkt ikkje tilfredstillar krava gitt i plan- og bygningslova.

Føresegnene (vist med skrift i grå boks) må vere eintydige og ikkje gje rom for tolking. Det skal nyttast *må/skal* og ikkje *kan* slik at det ikkje er rom for tvil om kva som gjeld. Fleire av føresegnene, eller deler av desse, høyrer også heller inn under retningsliner. Det trengst derfor ein gjennomgang/opprydding i føresegnene før desse kan vere juridisk bindande. Vi har valt å ikkje gå gjennom føresegnene punkt for punkt i denne omgang (med unntak pkt. 1.7.3 nedanfor), men rår til at kommunen tar kontakt med oss for ein gjennomgang. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til føresegnene slik dei no ligg føre.

Barn og unge

1.7.3 Funksjonskrav

Det er svært positivt at kommunen ønsker å sikre barn og unge sine interesser i plan- og byggesaker med konkrete føresegner i kommuneplanen.

Fylkesmannen si satsing «Betre oppvekst» er retta mot barn og unge og deira oppvekstvilkår. Satsinga har ført til ein skjerpa praksis frå Fylkesmannen på krava stilt spesielt til nærleikeplassar. Vi har vektlagt at eigna areal må vere sikra i plankart og føresegner ved regulering, samt at opparbeiding av areala er sikra gjennom rekkefølge- og funksjonskrav i føresegnene. Vi vil som følgje av dette ha særskilt fokus på føresegnene i kommuneplanen når det gjeld krav til nærleikeplassar.

Plan- og bygningslova har allereie i formålsparagrafen lagt klare føringar om at barn og unge sine oppvekstvilkår skal ivaretakast i plan- og byggesaker. For å utdjupe kva som er meint med lovteksta, er det i tillegg utarbeidd *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (RPR)*. Retningslinene omtalar kravet til fysisk utforming av leikeareal. I nærmiljøet skal det finnast areal kor barn og unge kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Dette føreset at areala er store nok og eignar seg for leik og opphald, gir høve til ulike typar leik til ulike årstider, samt kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne.

Framlegget til føresegner sikrar at barn får tilgang til 50 m² med *leikeareal og/eller andre friområde* per bueining i nye bustadområde. Føresegnene stiller også ein del krav til lokalisering, støy og utforming, men manglar m.a. avstandskrav, krav til opparbeiding og krav til rekkefølge.

I følgje RPR er ein **nærleikeplass** meint for dei aller minste barna, og skal setjast av der det blir etablert 5 eller fleire bueiningar. Alle bueiningane skal innan 50 m ha slik nærleikeplass på min. 200 m². Maks. 20 bueiningar kan vere felles om leikeplassen, som skal vere utstyrt med sandkasse, benk og eit leikeapparat/noko fast dekke. I tillegg må rekkefølgjekrav sikre opparbeidd nærleikeplass før første bustad kan takast i bruk.

Fylkesmannen har **motsegn** til føresegnene 1.7.3 fram til krava for nærleikeplass er samstemt med føringane gitt i RPR for barn og unge.

Faglege råd

I følgje RPR skal det på **områdeleikeplassar** vere høve til aking, balleik, sykling o.a. og skal settast av der det blir etablert 20 eller fleire bueiningar. Innan ein avstand på 150 m skal alle ha ein områdeleikeplass, og denne bør minst vere 1500 m². Maks. 50 bueiningar kan vere felles om slik leikeplass. Føresegnene har ikkje krav til områdeleikeplassar. Fylkesmannen rår til at dette blir tatt inn i føresegnene i samsvar med RPR for barn og unge.

Pkt. 1.7.2 Naust

Fylkesmannen er godt nøgd med at føresegnene om naust er i samsvar med dei råd om naust vi tidlegare har sendt kommunen.

MERKNADER TIL TEKNISK FRAMSTILLING AV PLANKARTET

Plankartet har juridisk verknad etter plan- og bygningslova og er bindande for arealbruken i kommunen. Plankartet skal utarbeidast i henhald til gjeldande rettleiarar for plan og framstilling av digitale kart. Kfr. teiknereglar i Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister (NPAD).

Kartverket v/Fylkeskartkontoret har ein gratis teneste der arealplanar kan sendast inn for teknisk kontroll. Vi rår kommunen om å nytte seg av denne: plan.mrfylke@kartverket.no

MERKNADER TIL FØRESLÅTTE UTBYGGINGSOMRÅDER

Kommunen har lagt fram eit omfattande planmateriale, med mange positive trekk. Fylkesmannen ber om orsaking for at vi ikkje har kapasitet til å kommentere alle sider ved planen vi ser positivt på. Vi må også prioritere bort merknader til element vi kan vere kritiske til, men som er mindre viktige. Det vi står att med er då i hovudsak område vi har motsegn til, eller der vi har faglege råd til justering/endingar.

Natur- og miljøvern

Motsegner:

Bustadområder:

Nr. 8, s. 42



Område til *bustad og næring* ved Aursundet. Hovudutval for kommuneutvikling vedtok i møte 02.02.2016 å gi dispensasjon til dette føremålet. Fylkesmannen fremja klage på vedtaket i brev av 11.02.2016. Vi viser til brevet med grunngjeving for klagen, der vi særleg peika på vesentlege landskapsmessige konsekvensar i eit strandområde som i dag ligg relativt urørt. Argumentet for motsegn er det same. Fylkesmannen har **motsegn** til område nr. 8.

Nr. 80, s. 108

Heile bustadområdet ligg innanfor 50 m-beltet langs sjøen og har ei utstrekning på ca. 300



m. Arealet vil punktere ei lengre urørt strandsone og vil vere landskapsmessig klart uheldig. Bakkant av arealet er bratt. Korleis tilkomstveg skal etablerast er ikkje nærare skissert, anna enn at de må gå over naboeigedom. Det er ikkje vurdert alternative areal i konsekvensutgreiinga. Det er heller ingen opplysningar om transport, avstand til naudsynt infrastruktur som skule, barnehage, forretning m.m. Vi registrerer at det finst godkjente bustadområde i gjeldande plan på sørsida av

Tustna. Eit eventuelt framtidig behov ut over desse, i området mellom Tømmervåg og Gullstein, er heller ikkje nærare kommentert.

Fylkesmannen har **motsegn** til område nr. 80.

Nr. 71, s. 120

Vest for Tømmervågen. Arealet ligg delvis på eit markert høgdedrag på nordsida av Golmenvegen. Store deler av området synest derfor dårleg eigna som bustadfelt. Både etablering av bustader og tilkomstveg vil landskapsmessig vere klart utfordrande. Det går fram av konsekvensutgreiinga at det finst mange ledige ferdigregulerte bustadtomter nærare Tømmervågen. Behovet for fleire bustadtomter i dette området er ikkje synleggjort.

Med bakgrunn i dette meiner Fylkesmannen det er klart uheldig å opne opp for bustader på dette arealet og har **motsegn** til område nr.71.

*Område for fritidsbustader:*Nr. 18, s. 84

Åkvikskaget. Sjølv om området er avgrensa til 100 m frå sjøen, ligg det i eit ope og



sårbart kystlandskap. Området framstår som relativt urørt, med unntak av to hyttetomter. Landskapsmessig synest det klart uheldig å opne opp for hytter på nord- og nordvestsida av høgdedraget. Også den markerte høgda heilt sør i planområdet bør utgå. Fylkesmannen har derfor **motsegn** til deler av område nr. 18 og ber om at arealet blir vesentleg avgrensa.

Nr. 24, s. 100.

Brattset, Ertvågøya. Heile arealet ligg innanfor naturtypen gråor-heggskog av viktig



(regional) verdi. Dette er ikkje kommentert i konsekvensutgreiinga. Det er heller ikkje vist til moglege alternative lokaliseringar. Med den store planreserven ein legg opp til for fritidsbustader kan det ikkje vere naudsynt å bygge ned viktige naturtypar.

Fylkesmannen har derfor **motsegn** til område nr. 24.

Nr. 84, s. 142.

Solskjeløya. To områder for hyttebygging. Det nordlegaste ligg i sin heilheit innanfor 100 m-beltet langs sjøen. Tomtene her vil bli liggande på ein rygg med grense 15-20 m frå sjøen. Dei nære strandområda rundt Solskjeløya er relativt urørt. Dette er kvalitetar kommunen bør søkje å hegne om også i framtida. Ved å legge ut eit hytteområde i 100 m-beltet går ein også imot hovudprinsippa for etablering av nye hytteområde i kommunen; jfr. arealprinsippa frå samfunnsdelen som er føring for arealdelen. Det blir vist til at strandsona i dette området er mindre eigna til strandnært friluftsliv. Fylkesmannen vil likevel vise til at strandsona også har andre viktige verdiar både biologisk og landskapsmessig sett. Fylkesmannen har derfor **motsegn** til dei nordlegaste hyttetomtene i dette området.



Ved å etablere nye hytteområde på denne øya må ein rekne med at spørsmålet om småbåthamn/naust vil kome opp. Dette bør å så fall avklarast gjennom rullering av arealdelen og ikkje kome opp som ei følge av at ein alt har etablert eit nytt område for fritidsbustader. Det er tidlegare godkjent eit område for småbåthamn på sørvestsida av øya.

Område for naustNr. 17, s. 138

Halsnes i Imarsundet. Halsnes er eit markert landskapselement i dette fjordområdet. Forutan dyrka mark og eit eksisterande naust er elles ytre del av neset urørt. Naustarealet



vil ta i bruk om lag 200 m strandline. Behovet for eit så stort naustområde her er ikkje utgreidd. Heller ikkje om det finst alternative område som er mindre uheldig landskapsmessig sett. Parkeringsbehov og landbaserte aktivitetar kan krevje fulldyrka jord.

Fylkesmannen har **motsegn** til naustarealet (nr. 17) i den omfang det er vist i planen. Jfr. også merknadene under *Landbruk*.

Område for naust, småbåthamn og utviding av område for fritidsbustaderNr. 3, s. 128

I framlegg til reguleringsplan for Artvåghøgda sør (2009) vart det same naustarealet fremja. Fylkesmannen hadde motsegn til planen. Den 05.05.2010 vart det gjennomført mekling. Referat frå meklingsmøtet: «Fylkesmannen fann det ikkje rett å trekke motsegna, men ville halde på den avgrensing av byggeareal mot strandsona som kommuneplanen la opp til. Fylkesmannen ville likevel kunne akseptere ei viss tillemping slik at det også på det arealet som i kommuneplanen var avsett til næringsformål/utleigehytter kunne opnast for bygging av ordinære private hytter. Vidare ville ein vere open i forhold til ei kommunal vurdering av areal for bustader i området om dette då var tenleg.»

Fylkesmannen finn det underleg at naustområdet på nytt er fremja utan at det i planomtalen/KU er nemnt at dette tidlegare har vore avgjort ved mekling. Motsegna var m.a. grunngjeve med følgjande:

«Lokaliseringa av naustområdet er i utgangspunktet svært dårleg da sjøarealet framfor området fell heilt tørt på fjøre sjø. I saksinnstillinga blir det opplyst at det må mudring til

for å få eigna båttilkomst. Det betyr i tilfelle 250-300 m mudring slik som naustområdet no er vist. Kva slik mudring vil bety for beiteområdet for vassfugl er ikkje utgreidd (jfr.



registreringane i Naturbasen av området som yngle- og beiteområde). Strandområdet langs sørsida av Vestnesbukta er i dag praktisk talt heilt fri for inngrep i ei lengde på over 1,3 km. Det er etter kvart få tilsvarande innelukka fjordområde utan inngrep i kommunen. Nye tiltak må derfor vurderast nøye, der ein ser ut over den enkelte eigedomsgrense.»

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er kome nye opplysningar i saka sida meklinga og vi har derfor **motsegn** til naustområdet (nr. 3).

Område for utleiehytter og småbåthamn

Nr. 76, s. 76.

Ved Andkletten, Kallandsvågen. I gjeldande plan er arealet vist som LNF-område, men det blir vist til at dette tiltaket er ei vidareføring av ein gamal strandplan (frå 1976). Vi finn ikkje strandplan for Kalland i vårt arkiv og kjenner derfor ikkje til kva for arealbruk den opphavleg legg opp til.



Allereie i planprogrammet (2006) ved førre rullering av planen vart det vist til at «strandplaner» er ein eigen plantype frå 1970-talet, «der bestemmelser er tilpasset sin tids standarder, og er gjenstand for hyppig dispensasjonssøknader». Det vart vidare opna opp for å vurdere ei utfasing av desse planane, ut frå eit behov for å modernisere og rydde opp i plansystemet. Ein gjekk ikkje vidare med dette og i gjeldande føresegner til planen (2008) er det vist til ei oversikt over kva for

strand- og fjellplanar som framleis skal gjelde. Strandplan for Kalland er ein av desse. Når det gjeld strandområda har arealpolitikken endra seg sidan 1970-talet. Haldninga til bygging i strandsona er betydeleg skjerpa i løpet av desse åra. Seinast med *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen*. Strandplan for Kalland har vore ein «sovande» plan i 40 år. Sjølv om planen formelt er gjeldande, tilseier alderen på planen at moglegheiten til å fremje motsegn ikkje er avgrensa etter pbl § 5-5. Utbyggingsområdet er eit urørt strandområde på nærare 300 m og ligg i hovudsak innanfor 100 m-beltet langs sjøen. Småbåthamn og utleiehytter vil punktere dette arealet og vere landskapsmessig klart uheldig. Fylkesmannen har derfor **motsegn** til område nr. 76.

Område for utleiehytter, småbåthamn og utviding av hyttefelt.

Nr. 102, s. 96.

Sagneset-Nordvågen.

Gjeldande plan viser eksisterande småbåthamn inst i Nordvågen. Det meste av arealet er grunt og eignar seg dårleg (behov for mudring). Planframlegget viser utviding av småbåthamna på austsida av bukta. Fylkesmannen kan akseptere at hamna blir flytta mot nordaust, men på vilkår at arealet i gjeldande plan da går ut.

Eksisterande naustareal i gjeldande plan er ikkje utbygt. På flyfoto kan det sjå ut til at det ligg så langt inn i bukta at det er naudsynt med mudring. Nytt naustareal er vist litt lenger ut, i samsvar med forslag til utvida naustområde. Det ligg frå før eit naust i området og det er frådelt to nausttomter. Saman med desse vil det nye naustarealet ta i bruk ca. 150 m

av strandsona. Behovet for å ta i bruk så stor del av strandsona er ikkje kommentert. Vi kan likevel akseptere eit mindre naustareal nordaust for eksisterande naust, men føresetnadene må vere at naustarealet i gjeldande plan går ut.



Etter det vi kan sjå er det ikkje bygt hytter i det eksisterande hytteområdet sidan førre rullering av planen. Her er det derfor ein god planreseve frå før og behovet for utviding av hyttefeltet er ikkje grunngeve. Utvidinga vil også ligge innanfor 100 m-beltet langs sjøen. Fylkesmannen har **motsegn** til utviding av hyttefeltet.

Areal for utleiehyttene ligg heilt ved sjøen ute på Sagneset og vil ta i bruk om lag 175 m strandsona. Sagneset er eit skogkledd nes. Det er eit viktig landskapselement i dette fjordområdet og framstår i dag som urørt. Det vil derfor vere klart uheldig å punktere dette arealet ved å etablere utleiehytter her. Det går også fram av konsekvensutgreiinga at tilkomstveg ut hit vil vere utfordrande. Fylkesmannen har **motsegn** til utleiehyttene.

Område for småbåthamn:

Nr. 9, s. 64.

Ringskjæret, Skardsøya. Kombinasjon småbåthamn og friluftsområde (badestrand) vil vere konfliktylt. Området har flotte landskaps- og friluftsmessige kvalitetar. Dette gjeld



spesielt sandstrendene på begge sider av Ringskjæret og arealet har stort potensiale som rekreasjonsområde, særleg sommars tid. Området var også foreslått ved førre rullering av planen, der Møre og Romsdal fylke fremja motsegn. Området vart tatt ut ved 2. gangs høyring. I arealpolitikken er det mål om å økonomisere med areala i strandsona. Utbygging skal så langt som mogleg lokaliserast til områder som er bygt ut frå før og det skal m.a. takast særleg omsyn til områder som har særskilt verdi for friluftsliv, landskap

og naturkvalitetar. Jfr. *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen*. Det er i dag fleire regulerte småbåthamner i nærområdet, mellom Rognan og Skipnes, som ikkje er utbygt eller utnytta (m.a. Vorpskaget marina og småbåtanlegg ved Rognan hyttefelt). Fylkesmannen kan derfor ikkje sjå at det er riktig å opne opp for eit nytt småbåtanlegg i dette område, som vil ha klare konflikhtar med landskaps-, natur- og friluftslivsverdiar. Fylkesmannen har **motsegn** til område nr. 9.

Nr. 26, s. 132.

To områder for småbåthamn, i Vestnesbukta og i Leirsundet.



1). Ved Inner Breivika-Vestnesbukta.

Dispensasjonssøknad om molo og flytekai i dette området vart avslått av Hovedutvalg for kommuneutvikling 29.01.2014. I reguleringsplan for Nyheim, som har vore på høyring, vart også småbåthamna tatt ut. Vi viser til Fylkesmannens tidlegare fråsegner til dispensasjonssøknaden og reguleringsarbeidet der vi klart har rådd i frå at det blir etablert småbåthamn på denne lokaliteten. Bakgrunnen

for dette er m.a. at det i Vestnesbukta i dag er få tekniske inngrep og det er etter kvart få tilsvarende innelukka fjordområder utan inngrep i kommunen. Etablering av fleire kaianlegg/flytebrygger vil derfor vere uheldig. Fylkesmannen har **motsegn** til dette området.

2). Ved Leirsundet. Her er det tidlegare (2014) gitt dispensasjon til etablering av molo med tilhøyrande flytebrygge. I vår fråsegn hadde vi ikkje vesentlege merknader til søknaden. Området er prega av tidlegare inngrep og på flyfoto ser ein at det eksisterer m.a. naust, platting og flytebrygge i området frå før. Fylkesmannen har derfor ikkje særlege merknader til at området blir utvikla til ei mindre småbåthamn.

Nr. 77, s. 126.

Lin vågen. Molo, småbåthamn og veg. Nordsida av Lin vågen er i stor grad urørt, med unntak av naust/molo lengst aust. Tiltaket vil krevje nærare 300 m ny veg i strandsona og utfylling av molo på denne urørte strekninga. I gjeldande plan er det alt opna opp for småbåthamn på sørsida av Lin vågen. Konsekvensutgreiinga har ingen vurderingar av alternative lokaliseringar eller av området i forhold til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Her er m.a. samling av inngrep og ta vare på viktige landskapsverdiar sentralt.



Fylkesmannen har **motsegn** til område nr. 77.

Nr. 85, s. 130.



Leirvalen. Fylkesmannen ser i utgangspunktet positivt på ei felles småbåthamn nær Leira. Det aktuelle området er derimot svært grunt og etablering av småbåthamn vil krevje mudring. I tillegg er arealet registrert som del av eit viktig beiteområde (B-område) for svanar og ender om vår, haust og vinterstid. Området har også stor produksjon av marine organismar. Konsekvensutgreiinga har ingen vurderingar av kva konsekvensar ei utbygging vil ha for naturmiljøet, jfr. også krava i naturmangfaldlova. Omlag

300 m lenger vest i Leirsundet er det alt regulert inn ei småbåthamn. Det bør vere moglegheiter for å vidareutvikle dette arealet. Med bakgrunn i naturverdiane og områdets karakter har Fylkesmannen har **motsegn** til område nr. 85.

Nr. 98, s. 28.

Arealet er lagt i ei bukt med urørt strandsona. Møre og Romsdal fylke fremja motsegn til




denne ved førre rullering av planen (2008) og området vart tatt ut. Det går fram av konsekvensutgreiinga at området ligg eit stykke frå både bustader og hytter, noko som vil gje stor biltrafikk og stort behov for areal til parkering. Behovet for å legge ei småbåthamn her er ikkje synleggjort og det er ikkje vist til moglege alternativ (t.d. til eksisterande småbåthamner i området).

Fylkesmannen har **motsegn** til område nr. 98.

*Område for idrettsformål:*Nr. 97, s. 44.

Arealet ligg for ein stor del innanfor område registrert som naturtype slåttemyr og beitemyr av viktig verdi (B-område). Slåttemyr er ein *utvalt naturtype* (jfr. naturmangfaldlova §§ 52- 56). Dette er den einaste registrerte utvalte naturtype slåttemyr i Aure kommune.

Utvalte naturtypar har eiga forskrift fastsett av Kongen i statsråd. På Miljødirektoratets heimeside finn ein m.a. rettleiar til forskrift om utvalte naturtypar. *Veileder til forskrift om*



utvalgte naturtyper. DN-håndbok 31-2011. Etter Fylkesmannens syn avklarar ikkje konsekvensutgreiinga tilstrekkeleg kva for tiltak som er planlagt i området og korleis desse vil påverke naturtypen. Ein søknad om tiltak i ein utvalt naturtype kan i medhald av naturmangfaldlova i utgangspunktet avslåast dersom inngrepet vil føre til reduksjon i naturtypens utbreiing og førekomstens økologiske tilstand.

Fylkesmannen er klar over at dette er eit mykje brukt turområde og dermed også viktig for folkehelsa. Vi vil likevel fremje **motsegn** til dette området, inntil det ligg føre nærare informasjon om tiltaka og nærare vurdering av konsekvensane for naturtypen, samt opplysningar om eventuelle alternativ.

Natur og miljøvernFaglege råd og merknader:*Bustadområder*Nr.10, s. 68.

Nausthaugen, Ulvsnes. Arealet ligg i 100 m-beltet langs sjøen. Det vart i 2015 gitt dispensasjon til ein bustad i dette området. Fylkesmannen rådde klart i frå søknaden, m.a. med bakgrunn i at området ligg i strandsona og langt frå viktig infrastruktur som skule, barnehage m.m. Det finst også ledige bustadtomter i nærområdet. Vi vil med bakgrunn i dette klart rå til at området blir tatt ut av planen.

Nr. 38, s. 34.

Bustadområde-Todalen. Totalt areal for dette området er ikkje oppgitt under kapittelet samla verknader. Etter det vi kan sjå har dei to delområda eit samla areal på ca. 20 dekar. Deler av områda vil kome i konflikt med naturtype rik edellauvskog av svært viktig verdi (A-område). Ut frå vårt ansvarsområde for naturverdiane føreset vi at områda blir justert slik at ein unngår konflikt med edellauvskogen. Vi viser også til merknadene under *Landbruk*, der Fylkesmannen har motsegn til dette arealet pga. konflikt med dyrka mark.

Nr. ?, s. 124

Område ved Fikkan (manglar innspelsnummer i KU). Planforslag viser endring frå område til fritidsbustader i gjeldande plan til bustadområde. Areal vist på kart i KU/ plankartet er ikkje i samsvar med omtalen i KU. Her går det fram at området for fritidsbustader i gjeldande plan er ønska fjerna, medan dei austlege delane av dette området skal endrast til bustadbygging. Likevel viser ein framleis hytteområde på delar av arealet. Det er derfor uklart om arealet skal vere ei blanding av hytter og bustader. Når det gjeld bustadområdet saknar vi ei nærare grunngeving for etablering av dette her.

Nr. 61, s. 144

Ved Ørbogen. Området er i gjeldande plan vist som hytteområde. Konsekvensane ved ei konvertering til bustadområde er lite utgreidd. Kva forventar ein av behov for bustadtomter i dette området. Området ligg relativt langt frå infrastruktur som skule, barnehage, offentlege tenester. Deler av området ligg på dyrka mark. Ein bør derfor avgrense området. Uansett føreset vi at ein ved seinare regulering unngår bygging på landbruksareala.

*LNF-spreidd bustadbygging*Nr. 27, s. 90.

Vestsida av Slyngsteinbugen. Det er uklart kva arealformål som eigentleg er meint. I KU er det vist både til LNF-område for spreidd bustadbygging og til framtidig bustadbygging. På plankartet er området gitt signatur for bustadområde. Dette må avklarast.

Ved etablering av LNF-område for spreidd utbygging skal både omfang (arealet) og tal på bustader i planperioden avklarast. Ein må i planomtalen/ konsekvensutgreiinga vise kor mange bustader ein vil opne opp for. Området har landskapsmessige utfordringar og dette bør omtalast betre. Nord- og nordaustsida av området går bratt ned mot sjøen. Vi føreset at det ikkje seinare blir tale om etablering av naust og småbåtanlegg her.

*Områder for fritidsbustader*Nr. 79, s. 122.

Breivika-Golma. Det er vidareført fleire større hytteområder på Golma frå gjeldande plan, sjølv om noko av dei tidlegare områda også er tatt ut. Etter det vi kjenner til er det ikkje bygt hytter her i planperioden. Planframlegget viser fire nye hytteområder. Vi saknar ei nærare vurdering av behovet for fleire hyttetomter i dette området. Vi vil også rå til at ein samlar nye hytteområder på vestsida av vegen, slik som også konsekvensutgreiinga omtalar.

*Naustområder*Nr. 48 B, s. 72.

Kallandsvågen. Vi saknar nærare opplysningar i konsekvensvurderinga i kva grad tiltaket vil krevje fylling i sjø/evt. mudring. Området er også relativt bratt og det må framgå kva landskapsmessige konsekvensar ei utbygging vil ha.

*Forretning- og næringsområder*Nr. 52, s. 48 og s. 52

Større område ved Kjelkia på begge sider av FV 680. Planen legg m.a. opp til ei endring frå tettbygt strok /bustadbygging i gjeldande plan til industri/forretning. Vi saknar ei nærare vurdering av dette i forhold til konsekvensane for ei vidare utvikling av Aure sentrum, både når det gjeld framtidig bustadbygging og næringsutvikling. Vidare må dette også vurderast opp mot *regional delplan for attraktive byar og tettstader (2014-2020 og rikspolitisk bestemmelse om kjøpesenter*.

Nr. 75, s. 86.

Hisåsmyra på begge sider av FV680. Målt på kartet er området på ca. 333 dekar. Vi saknar ei nærare vurdering av behovet for eit slikt areal her og eventuelle landskapsmessige verknader. Vidare synest det lite heldig å etablere slik verksemd på begge sider av fylkesvegen.

*Småbåthamner*Nr. 14, s. 98

Borvika. Møre og Romsdal fylke kom med følgjande fråsegn til kommuneplanen ved førre rullering (2008): « Sjølve Borvika er ei sjeldan perle, med lang sandstrand og svaberg på sidene. (Også skilta som friluftsområde). Etablering av hyttefelt her må skje på vilkår om at Borvika blir liggande urørt. Vi vil ikkje akseptere seinare krav om naust/småbåthamn eller liknande inngrep her». Den omsøkte småbåthamna er lokalisert nordvest i vika og trekt vekk frå sandstranda og den mest attraktive delen av strandområdet. Det kan derfor vere mogleg å etablere nokre få småbåt plassar utan å kome i direkte konflikt med Borvika som friluftsområde. Vi meiner likevel at småbåtanlegg skal samlokaliseras og det er fleire godkjente planar for småbåthamner i relativ nærleik. Vi rår derfor til at området går ut av planen.

*Kulturformål*Nr. 72, s. 46.

Området er foreslått som kulturformål. Med bakgrunn i KU kan det vere noko uklart kva som ligg i dette. I KU er arealformål etter pbl er oppgitt *som bebyggelse og anlegg – fremtidig friområde/turdrag*. Dette er ikkje i samsvar med teiknforklaringa på plankartet der det er vist under *nr. 3 Grønnstruktur*.

Grønnstruktur-friområde/turdrag

Planen opnar opp for å byggje opp att historiske bygningar knytt til Melland Fort. Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til dette, men konsekvensutgreiinga bør utdjupe nærare kor omfattande dette kan vere. Nord i området er det registrert ein naturtype kystmyr av svært viktig verdi. Fylkesmannen føreset at det blir tatt omsyn til denne og at vi får høve til å uttale oss ved eventuelle søknader om tiltak i området.

*Råstoffutvinning*Nr.7, s. 56.

Fylkesmannen saknar oversikt over behov for massetak i dette området. Vidare må det utgreiast konsekvensar for hytteområda på nordsida av fylkesvegen (m.a. støy) og landskapskonsekvensane ved å etablere slik verksemd her.

Forureining

Verksemder som driv med produksjon av pukk, grus, sand og singel er regulert i forureiningsforskrifta kap. 30, men kommunen kan sette strengare krav til mellom anna støy og støv i reguleringsplan.

Nr. 55, s. 134.

Vi har ikkje særlege merknader til at massetaket blir nytta til deponering av inerte massar, men gjer merksam på at tiltaket må tilfredstille krava i avfallsforskrifta.

Landbruk*Motsegner:*Nr. 38, s. 23.

Bustadfelt i Todalen. Arealet vert liggjande på fulldyrka mark og innmarksbeite i eit godt landbruksområde. Sjølv om det er uttrykt ønske om bustadfelt, så meiner Fylkesmannen at det må dokumenterast eit reelt behov før ein omdisponerer matjord til bustadføremål.



Vi saknar også ei vurdering av alternativ plassering som ikkje er i konflikt med jordvernet. På vegne av landbruksinteressene har Fylkesmannen **motsegn** innspel nr. 38.

Nr. 51, s. 38.

Fritidsbustadar. Desse er tenkt plassert på innmarksbeite i kant med dyrka mark.



Fylkesmannen meiner det generelt er uheldig med fritidsbustadar i landbruksområde, då ein legg opp til ein potensiell interessekonflikt, og med moglege drifts- og miljømessige ulemper som støv-, støy- og luktplager. Erfaringsmessig er det ofte næringa som må vike i slike konfliktsaker, og som må tilpasse seg eller leggje restriksjonar på landbruksdrifta. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar på alternative lokaliteter. Kommunen har

ei god overdekning av avsett areal til fritidsbustadar i gjeldane plan som vert vidareført, samt ei betydeleg auke i forslag til den nye kommuneplana som vil dekke meir enn det sannsynlege behovet i komande planperiode. Fylkesmannen har **motsegn** til innspel nr. 51.

Nr. 29, s. 66.

Fritidsbustadar. Planområdet ligg på begge sider av fylkesvegen. På sørsida vil dette føre til 3-sidig utbyggingspress på ei fulldyrka mark på ca. 7 daa. Fylkesmannen vil vise til vurderingane gjort til innspel nr. 51 om fritidsbustadar i landbruksområde. Vi har **motsegn** til innspel nr. 29 på arealet sør for fylkesvegen. På området nord for vegen vil vi anbefale ein buffersone på 30 meter, satt som byggegrense, mellom fritidsbustad og dyrka mark.



Nr. 87, s. 80.

Fritidsbustadar. Planområdet ligg i kant med ei dyrka mark på ca. 7 daa. Vi viser til vurderingane gjort til innspel nr. 51 jamfør fritidsbustadar og landbruksområde. Fylkesmannen saknar ei vurdering av alternativ plassering som ikkje bidreg til moglege drifts- og miljømessige ulemper. Vi har **motsegn** på innspel nr. 87 inntil desse vurderingane er gjort.



Nr. 4, s. 104.

Fritidsbustadar. Planområdet med to areal. Landbruksfagleg vurdering omhandlar det vestlege innspelet. Det føreslegne området vert liggjande nærme ei fulldyrka mark på ca. 7,5 daa. Fylkesmannen vil vise til våre vurderingar til innspel nr. 51 jamfør fritidsbustadar og landbruksområde. Ei opning av nytt område for fritidsbustadar kan gje mogleg



framtidig utbyggingspress mot dyrka marka. Fylkesmannen har **motsegn** til det vestlegaste område nr. 4.

Nr. 82, s. 110.

Fritidsbustadar. I planområde ligg det to teigar på til saman ca. 14 daa fulldyrka mark jf. gardskartet til NIBIO. Fylkesmannen vil vise til vår vurdering av innspel nr. 51 om fritidsbustadar og landbruksområde, og igjen vise til at kommunen har lagt inn ei god overdekning av tilbud til fritidsbustadar både i gjeldande og framlegg til ny kommuneplan.



Fylkesmannen har **motsegn** til innspel nr. 82.

Nr. 33, side 136.



Campingplass. Innspelet vil medføre at ei areal på ca. 50 daa fulldyrka mark vert brukt til campingføremål. Ved eit tiltak på ein slik storleik er det ein føresetnad at ein har vurdert både behov og alternative lokaliteter. Fylkesmannen kan ikkje sjå at inngrepet er i samsvar med det nasjonale målet om auka matproduksjon og sjølvforsyningsgrad, og vil på vegne av landbruksinteressene fremje **motsegn** til innspel nr. 33.

Nr. 17, side 138.

Naust. Plassering av naustanlegget med eventuelt parkeringsbehov og landbaserte bygningar kan verte plassert på ei fulldyrka mark på ca. 5 daa med god arrondering. Fylkesmannen har **motsegn** inntil det er gjort ei konkret vurdering av både behov og alternativ plassering. Sjå også merknadene over under *natur- og miljøvern*.

Landbruk

Faglege råd og merknader:

Nr. 76, s. 76

Fritidsbustadar. Fylkesmannen ønskjer at det vert satt byggegrense på 30 meter mellom fritidsbustad og dyrka mark for å forhindre drifts- og miljømessige ulemper.

Nr. 86, s. 78

Fritidsbustadar. Fylkesmannen ønskjer at tilkomstveg skjer gjennom eksisterande vegtrasè for å hindre nedbygging og fragmentering av dyrka marka.

Nr. 54, s. 114

Fritidsbustadar. Fylkesmannen støttar kommunen si vurdering om å oppretthalde avgrensinga av området for framtidig fritidsbustad. Skulle innspelet likevel få gjennomslag så ønskjer vi at det vert satt byggegrense på 30 meter mellom fritidsbustad og dyrka mark for å forhindre drifts- og miljømessige ulemper.

Nr. 79, s. 122

Fritidsbustadar. Fylkesmannen ønskjer at det vert satt byggegrense på 30 meter mellom fritidsbustad og dyrka mark for å forhindre drifts- og miljømessige ulemper.

Nr. 84, s. 142

Fritidsbustadar. Fylkesmannen ønskjer at det vert satt byggegrense på 30 meter mellom fritidsbustad og dyrka mark for å forhindre drifts- og miljømessige ulemper.

Nr.61, s. 144

Bustadområde. Deler av området ligg på dyrka mark. Vi føreset at ein ved seinare regulering unngår bygging på desse areala.

Konklusjon

Aure kommune har lagt fram eit planforslag for ny arealdel for planperioden 2016-2026. Ein revidert arealdel vil bli eit oppdatert styringsverktøy som vil sikre meir rasjonell saksbehandling, og gi rammer for ei tydeleg og føreseieleg arealforvaltning som tar opp i seg mål og utfordringar frå samfunnsdelen.

Planforslaget framstår uferdig, noko som diverre medfører at det er fremma ei rekke motsegner til planen.

Statens vegvesen og Fylkesmannen har motsegner til planen som vi har laga ei oversikt over i starten på brevet. I tillegg er der ein del merknader og faglege råd som vi rår til blir følgt opp i det vidare planarbeidet.

Fylkesmannen ber Aure kommune ta initiativ til eit arbeidsmøte der vi i fellesskap kan gå gjennom motsegnene og drøfte korleis desse kan løysast på ein god måte.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fagsjef-plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15
Samordning av statlege motsegner: Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vedlegg: Fråsegn frå Statens vegvesen

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt; Fylkeshuset, 6404 Molde
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund
NVE - Region Midt-Norge, Vestre Rosten 81, 7075 Tiller

